



GOL KOMMUNE

Arkivsaksnr.: 2024/621-3
Saksbehandler: Tølleiv Brøndbo
Kirkebøen

Alkoholpolitiske retningslinjer for Gol kommune 2024-2028

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Utval for kultur og levekår	

Innstilling frå kommunedirektøren

Alkoholpolitiske retningslinjer for Gol kommune 2024-2028 blir sendt på høyring

Saksdokument

1. Alkoholpolitiske retningslinjer for Gol kommune 2020-2024
2. Forslag til alkoholpolitiske retningslinjer for Gol kommune 2024-2028

Vedlegg

1. Alkoholpolitiske retningslinjer for Gol kommune 2020-2024
2. Forslag til alkoholpolitiske retningslinjer for Gol kommune 2024-2028

Saksopplysningar

Kommunen skal utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan, jf alkoholloven § 1-7d. Gjeldande plan er Alkoholpolitiske retningslinjer for Gol kommune 2020 – 2024, vedteke i kommunestyret i sak 79/20. Retningslinjene bør reviderast i kvar kommunestyreperiode, i forkant av ny løyveperiode, slik at det nye kommunestyret kan leggje føringar for sin alkoholpolitikk. Loven seier ikkje direkte kva som skal stå i planen, men planen bør angje dei alkoholpolitiske måla som ligg til grunn for kommunen sin alkoholpolitikk, samt dei verkemidla som skal brukast for å nå desse måla.

Det blir foreslått følgande endringar i dei vedteke alkoholpolitiske retningslinjene:

2.3 Utendørs serveringsareal:

Følgande tas inn:

Bedrifter som ikke har fast bevilling for uteservering, kan få en slik bevilling ved større arrangement.

Kapitel 3 har fått inndeling i underkapitler.

Det er tatt inn eit eige kapitel med spesielle kriterier for uteservering.

Det er tatt inn eit eige delkapitel, i kap.5 som omhandlar netthandel.

Det er tatt inn eit delkapitel i kap.7, som stiller krav til «ansvarlig vertskap»-kurs for alle tilsette som er i relasjon med gjestar på skjenkestadene.

Det er tatt inn eit delkapitel i kap.7 om belysning og musikk på skjenkestadene.

Det er tatt inn eit delkapitel i kap.7 om evalueringsmøter med møteplikt.

Overordna plan

Alkoholpolitiske retningslinjer er ein del av Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Hallingdal. Rusmiddelpolitisk handlingsplan skal reviderast i 2024. Alkoholpolitiske retningslinjer skal reviderast før ein ny bevillingsperiode tar til for å gi retningslinjer for bevillingsperioden. Det nye kommunestyret skal med dette få lagt føringar for sin alkoholpolitikk som er gjeldande for sin kommunestyreperiode.

Økonomiske konsekvensar

Ingen merknad

Miljøkonsekvensar

Vurdering

Alkoholpolitiske retningslinjer er vidareført frå tidlegare versjonar med nokon endringar.

Det er tatt inn eit underkapittel for bedrifter med alminneleg skjenkeløyve, men som ikkje har uteservering. *Bedrifter som ikke har fast bevilling for uteservering, kan få en slik bevilling ved større arrangementer, jf nytt punkt 2.3*

Helsedirektoratet har satt opp retningslinjer for skjenking når klokka endrast frå sommartid til vintertid og andre vegen. Dette er tatt inn i eige underkapittel, punkt 3.3

Kapittel 3 har tatt inn ei avgrensing. *Kommunen kan, der alkoholpolitiske grunner tilsier dette, sette tidsavgrensninger for skjenking og salg av alkoholholdige varer, som er kortere enn de tidsrammer som alkoholloven §4-4 gir.*

Utval for kultur og levekår har stilt spørsmål ved støy frå skjenkestader med uteservering der det er naboar tett opp til serveringsstaden. Det er derfor tatt inn eit eige kapittel om spesielle kriteria for uteservering, kapittel 4. Det er sett hen til Alkoholpolitiske retningslinjer for Hemsedal kommune.

Helsedirektoratet har satt opp eigne retningslinjer for nettsalg av alkohol. Dette er tatt inn i underkapittel 5.2

Underkapittelet 7.4 er tatt inn på initiativ frå administrasjonen som eit kompetansehevande tiltak i næringa.

Underkapittelet 7.5 er tatt inn som retningslinjer frå helsedirektoratets «guide til god internkontroll etter alkoholloven.»

Underkapittelet 7.6 er tatt inn for å bedre samarbeidet mellom kommunen og næringa, samt gjere kommunens og næringas forventningar til kvarandre meir transparente.